

Innspel til høyring på

Vedtekter for kommunale barnehagar i Lindås – endring

Her kjem nokre moment mot å endre dato for oppstart av barnehageåret frå medio aug til 1. august.

- Natås barnehage kretsar til Myking skule. Sfo på Myking føl skuleruta og det vil utgjere ein uheldig forskjell for nokre barn dersom barnehageåret startar 1.8. Dei som ikkje har barnehageplass etter 1. aug og først må gå på sfo på t.d. Lindås for deretter å få ei ny tilvenning på Myking skule og sfo.
- Avvikling av ferie hjå personalet. Det vert ein kortare periode for personalet å avvikle ferie. Personalet bør ikkje ha ferie når nye barn skal ha tilvenning. Det vil ikkje vere god nok kvalitet for barn og foreldre., når tilvenninga skjer i samanslåtte avdelingar og mange ferie vikarar.
- Alle barn som har plass i barnehage i dag, har vedtak på plass fram til skulestart.

Vi ønskjer å halde fram som i dag.

Mvh

Kristin Bredholt

Natås barnehage

-Styrar-